


Idrettslaget Bryn



1949-1974



Jubileumsskrift



Utarbeidet av
SIGMUND JULSHAMN
BRYNJULF HUSTAD
HERLOF FARSTAD

STYRET FOR IDRETTSLAGET BRYN I JUBILEUMSÅRET 1974.



Hovedstyret: Formann Herlof Farstad, nestf. Odd Hustad, Sigmund Julshamn (Håkon Forthun), Erling Reitan, Kåre Reitan, Torbjørg Farstad og Brynjulf Hustad.

Fotball:

Brynjulf Hustad, form./oppmann
Herlof Farstad.
Egil Teistklubb.
Erling Reitan.

Magne Berget.
Idrettsmerkeutvalg:

Svanhild Forthun.
Sigmund Julshamn.

Friidrett:

Torbjørg Farstad, form.
Gerd Nerlandsrem.
Palmer Aure.
Sigmund Julshamn (oppm.
for ski.)

Olav Reistad.
Knut Kvendseth, gutte-og
jenteutv.
Synnøve Hostad, " "
Jens Løkhaug, " "

IDRETTSLAGET BRYN 1949 - 1974.

Helt fram til de første årene etter 2.verdenskrig var det dårlig med idrettstilbud for de unge på Vevang, Sandblåst og Skotten. Det fantes verken idrettslag eller idrettsplass. Helt fritt for idrettslig aktivitet var det ikke. Enkelte ungdommer samlet seg på dyrket mark for å sparke fotball. Av og til møtte de også lag fra nabolagene. På Lyngstad, Farstad og Hustad var det aktive fotballlag.

Ikke alle kunne uten videre se på denne mangelen på idrettstilbud for de unge. En av dem var Alfred Johnsen fra Vevang. Han forstod hvor viktig idretten var for ungdommen som idrettsaktivitet, og han gjorde mer enn å tenke og prate. Johnsen fikk også satt ut i livet tankene sine. Grøn-mjølstjønna mellom Sandblåst og Skotten hadde vært den ideelle idrettsplass i Johnsens tanker en stund. Dette området stod til vanlig under vatn hele året, og om vinteren ble det flittig brukt som skøytebane. Alfred Johnsen så at det ikke skulle så veldig mye arbeid til for å få området tørrlagt, og da ville en få et stort fint areal til opparbeiding som idrettsplass.

Etter samtale med Alf Strømsholm, også Vevang, kom Johnsen fram til at de skulle kalle inn til møte på Skotten skole for å danne et idrettslag.

Tidlig på høsten 1949 (datoen er en ikke sikker på) møttes disse to og mange andre entusiaster fra Skotheimsvik, Skotten, Sandblåst og Vevang. Interessen for Johnsens tanke om å starte et idrettslag var stor, og Alfred Johnsen ble selv-sagt valgt som formann for det nye idrettslaget, som fikk navnet BRYN. Det måtte selvsagt være et navn som hadde tilknytning til kysten og storhavet. Havbryn kunne de ikke bruke, for det hadde ungdomslaget på Vevang. I stedet ble

det bare BRYN. Bryn kommer av det gammelnorske ordet brun som betyr kant, egg. Navnet kan også settes i forbindelse med brenning.

Det første styret fikk denne sammensetning:

Alfred Johnsen, formann.
John Breivik, nestformann.
Gunnvald Sandblåst, kasserer.
Nils Sandvik.
Alf Strømsholm.

Innkjøp av jord var den viktigste saken på møtet, og det ble enstemmig vedtatt å kjøpe Grønmjølstjønnå. Videre ble det bestemt at laget skulle melde seg inn i NORGES IDRETTSFORBUND og ROMSDAL IDRETTSKRETS. Laget ble opptatt i NIF 15.august 1949 og i ROMSDAL IDRETTSKRETS 9.august samme år.

Lovene ble lagt fram og godkjent på årsmøtet 15.januar 1950. Første året hadde laget 54 medlemmer, og inntekten var medlemskontingenten på kr. 242,-. Utgiftene var kr. 244,-, et underskudd på kr. 2,-. For å dekke utgifter i forbindelse ved utbyggingen av idrettsplassen, ble det søkt om tippe-midler.

Etter det første møtet skjedde ting fort. Gardbrukerne på Skotten og i Skotheimsvik var svært positive til tanken om idrettsplass på Grønmjølstjønnå. Den 11.november 1949 var kjøpekontrakten skrevet og kjøpet undertegnet. BRYN fikk kjøpt 34,4 dekar til kr. 100,- pr. dekar. For å betale kjøpet fikk laget låne kr. 2.500,- av ungdomslaget på Skotten. Kort tid etter at jordkjøpet var i orden, tok grøftingen til. Det ble startet med å ta en kanal nordvestover mot Skotheimsvik. Fallet var lite slik at kanalen måtte være svært dyp utover. Folk var ivrige for å

være med på dette arbeidet, og det hele gikk greit i førstningen. Verre ble det da fotballbanen var ferdig grøftet, men før grøftene ble satt med trebaler. Det kom et forrykende uvær som blåste igjen alt.

I 1950 fikk laget kr. 10.000,- i tippemidler. Det var mye penger den gangen, og mange lag rundt om var nok misunnelige. Fylkesmann Olav Oksvik hadde vært med og talt BRYN's sak i Departementet. Dette fikk nok innvirkning på beløpets størrelse. Samme år fikk BRYN bevilget kr. 500,- fra Kornstad kommune. I tillegg fikk laget kr. 2.125,- i bidrag til kanalen fra Landbruks-selskapet.

Det var først og fremst fotballbane det ble satset på å få ferdig i første omgang. Hele anlegget skulle fullt ferdig bestå av 2 fotballbaner, løpebane og håndballbane.

De første årene var Alfred Johnsen formann, 1949, 1950 og 1951, og alle pengene og kreftene ble brukt til å få ferdig fotballbanen. Det var heller skralt med idrettsaktiviteten, men litt fotball ble det spilt som før. Det var først i 1952 at det ble virkelig fart over fotballen. Banen var nå omtrent ferdig. Dette året ble Peder Sandblåst formann, og han gikk sterkt inn for å få i gang et fotball-lag. Regnskapet viser også at det ikke bare ble tenkt fotball. Første kula for bruk i friidrett ble kjøpt inn i 1952.

Regnskapet viser at det i august 1953 hadde vært fotballkamp på Skotten. Inntekten ble kr. 32,28. Kassaboka viser at virksomheten i laget økte sterkt. Dansefest på Farstad gav kr. 156,66 i overskudd, og senere fikk laget kr. 890,- i inntekt fra et marked på Farstad. Fra inn-

tekstsiden må det også nevnes at BRYN fikk kr. 4000,- i tippemidler og kr. 500,- fra Hustad kommune. Pengene ble brukt til arbeid på banen og til innkjøp av rør.

I 1953 ble det for det første kjøpt drakter til fotballlaget, kr. 359,-. Det var 105 medlemmer i laget i 1954. Først var medlemmene bare fra Vevang, Sandblåst og Skotten, men etterhvert kom også Farstad med og senere Hustad og Nerland. Medlemskontingenten var følgende: Under 14 år - kr. 0,50, 14-17 år kr. 10,- og fra 17 år og oppover kr. 3.00. Selv om fotballbanen ikke ble ferdig før i 1952/53, ble det med det samme startet på videre utbygging. Grøftene og planeringen av en bane lenger sørvest ble påbegynt i 50-åra. Det ble dessuten arbeidet med planer om garderober og dusj. Det lille skuret som stod ved banen var alt for lite til garderobe. De aktive måtte skifte i busser, bak høyhesjer eller bak haugen på den andre siden av vegen.

På årsmøtet i desember 1955 ble Lars Lillevang valgt til formann. Møtet valgte også styre for friidrett og barne- og ungdomsutvalg. Videre ble det valgt oppmann for fotball og formann i håndballgruppe. Regnskapet viser at det var vinteridrett på laget sitt program dette året. Det var innkjøpt premier og diplomer til skirenn.

I 1956 tok arbeidet for å skaffe penger til garderober og dusjer til. Laget fikk kr. 3.000,- fra Norske Folkehjelp. I tillegg ble det bevilget kr. 2.000,- fra Hustad kommune. Disse pengene ble brukt til å bygge det garderobe- og dusjanlegget som en har i dag. Innredningen ble ikke ferdig før senere. Til videre arbeid med ny fotballbane og løpebane fikk laget kr. 7.000,- i tippemidler. Fotballbanen ble grøftet og planert, og løpebanen grovplanert.

Ove Farstad avløste Iver Sandblåst som formann i 1958. Det ble nå for alvor gjort forsøk på å få igang et håndball-lag. Resultatet ble heller dårlig. Dette året fikk idrettslaget for første gang forespørsel om å arrangere friidrettsstemne. Friidrettsgruppa avviklet KM i hopp uten tilløp vinteren 1958.

I årene som fulgte, var det mest på det idrettslige plan at noe skjedde. Det var stor aktivitet innen fotball og mer spredt når det gjelder friidrett. På utbyggingsfronten var det roligere. Styret samlet penger og krefter til ny innsats. Formenn i 1959 og 1960 var Einar Orø og Knut Frantsnes.

Det kom fart i utbyggingsplanene igjen da Herlof Farstad ble formann i 1962. Han hadde også fungert som formann da Frantsnes var bortreist i 1961.

I 1963 ble det holdt styremøte der utbygging av anlegget med grasbane og løpebane ble drøftet. Laget hadde fått kr. 13.500,- i tippemidler til dette formålet. Firmaet Farstad og Sunde fikk anbudet, og arbeidet ble satt i gang høsten 1963. Finplaneringen på grasbanen ble ikke ferdig før våren 1964.

Regnskapet viser nå at interessen for hjemmekamper økte. På enkelte kamper kunne inntekten være kr. 300,- -400,-. Størst inntekt gav kampen Bryn-Nord-Gossen, kr. 414,-. I 1963 hadde laget en inntekt på kr. 7.884,- av dette hadde kr. 3.200,- kommet inn på fester, og resten var kamp-inntekter.

Høsten 1964 ble det kjøpt inn grasklipper, og den kom i bruk våren 1965. Styret vedtok dette året at det på årsmøtet skulle deles ut en minneplakett til tidligere aktive medlemmer, både administrativt og idrettslig.

Brynjulf Hustad avløste Herlof Farstad som formann på årsmøtet i desember 1964. Sommeren -65 ble preget av at laget nå hadde fått grasbane. Det var en grasmatte som ble betegnet som den beste i fylket. Før den store åpningsdagen 4.juli ble det kjøpt inn målstenger og flaggstenger. Åpningen ble en stor fest med hilsningstaler og musikk. Inntekten på åpningsturneringen ble på hele kr. 7.230,-

De samlede inntekter og utgifter dette året kommer opp i Kr. 19.000,-. Årsmøtet 1966 valgte igjen Herlof Farstad som formann etter at Brynjulf hadde sittet i 2 år. Den nye formannen satset igjen på videre utbygging av anlegget. Først ble det plantet en del rundt banen. Videre skulle den endelige opparbeiding av løpebanen og halvsirkelene bak mål ta til. Det ble igjen søkt om tippebidler, og i tillegg ble det søkt om kommunal støtte. Dette arbeidet regnet en med ville koste omlag kr.45.000,-. Redsskapsbu og WC ble bygd ved siden av garderoben og kiosken som stod der fra før. I tillegg ble det planlagt å bygge ut den gamle grusbanen og få grasdekke der også. I forbindelse med dette ble det planlagt en ny hovedgrøft gjennom Riksveien og innover.



Årsmøtet 1969 hedret fotballlaget som ble distriktsmestre i 4.divisjon. Regnskapet forteller om økt aktivitet. Omsetningen var kommet opp i kr. 39.600,-. Dette årsmøtet opprettet skigruppa. Videre forteller møteprotokollen om



stor framgang for friidretten. Laget fikk i 1970 kr. 13.000,- i tippemidler til endelig opparbeiding av friidrettsbanen. Fotballlaget kjempet i 3.divisjonen. Selv om det ble sisteplass og nedrykking til 4.igjen, skapte dette året blest om BRYN-navnet.

Herlof Farstad fortsetter som formann inn i 70-årene også. Hovedoppgavene for styret var fortsatt utbygging. Kanalen gjennom vegen ble ferdig etter mye strev og mange dramatiske situasjoner. Sommeren 1971 ble endelig friidrettsbanen så og si ferdig. Det ble kjørt kalkgrus på løpebanen og halvmånene bak målene. Grusen fikk laget av Hustad Kalk og Marmor. Denne som-

meren var det mange som ofret fritid og viktige gjøremål for å få friidrettsanlegget ferdig. De aktive hadde bare lovord å si om den nye banen da den ble ferdig tidlig på høsten. I og med at denne delen av stadion var ferdig, var en kommet et steg nærmere full utnyttning av hele området som ble kjøpt inn i 1949. Det neste som stod på programmet, var en grasbane til. Våren 1972 var arbeidet i full gang. Det ble søkt lån i Fotballforbundet. For å få en stor nok bane, ble det kjøpt til jord nord for den gamle grusbane.

Den store aktiviteten både administrativt og idrettslig gjør at det må mer penger til. Nye tiltak på det økonomiske området ble BRYN-marked og BRYN-lotteri. Disse tiltakene har gitt kassa godt tiltrengte midler. Fra Fræna kommune har laget fått samlet tilskudd på kr.3.600,-

de siste åra. Eide kommune har støttet laget med bevilling på kr. 1.600,- siste åra.

Årsmøtet 1972 vedtok at det skulle opprettes egen fotballgruppe på linje med de andre gruppene i laget. Hver gruppe har egen kasse og må selv sørge for penger til driften.

I det siste året har ting skjedd fort. Den nye gressbanen ligger grønn og fin høsten 1974, og den vil bli god og ha for å avlaste den andre banen som tar til å bli nedslitt etter 10 års bruk. Det må også nevnes at lengdetilløpet er blitt asfaltert, gran er plantet langs vegen og at det er satt opp en port med billett kiosker. Videre har en siste året kjøpt traktor og gressklipper og matter til hopp-tilløpene.

Disse siste årene er det nedlagt mye gratis dugnadsarbeid på stadion, og mye av det er arbeid med dyre maskiner. Uten denne innsatsen ville en ikke ha kommet dit en er i dag. Det skulle gjerne ha vært flere om arbeidet. De få som er igjen, er snart utslitt. Alle som har tatt et tak skal ha takk i dette jubileumsskriftet.

Det koster å holde vedlike et slikt anlegg som laget nå har. For 1974 var det satt opp kr. 13.000,- til rene driftsutgifter. Utbygging og vedlikehold kr. 70.000,-. Storparten av disse pengene skal skaffes ved bingo, fester og basarer. Ja, det blir mye å gjøre innen BRYN i framtida også selv om anlegget nå tar til å bli ferdig.

Etter de planene som ble utarbeidet i 1949, er det bare håndball-banen som nå mangler. Det er likevel ikke den som står øverst på lista. Når det gjelder videre utbygging kan en nevne: Gjerde rundt banene, garderobes med tribuner. En må også ta med den STORE planen om idretts-

10

•hall. I jubileumsåret vil laget ha en samlet omsetning på over kr. 100.000,-, og medlemstallet er på ca. 200-300.

Denne historiske oversikt er bygd på regnskapsbøker, medlemsbøker og møteprotokoller. Dessuten har en hatt samtaler med en del personer. Det er dessverre ikke skriftlig stoff å finne fra de første 6-7 årene. En vil takke alle som har hjulpet til med å få til denne oversikten for 25 års virksomhet for idretten.

FORMENN gjennom 25 år.



1949 - 1951	ALFRED JOHNSEN
1952 - 1955	PEDER SANDBLÅST
1956	LARS LILLEVANG
1957	IVER SANDBLÅST
1958	OVE FARSTAD
1959	EINAR ORØ
1960	KNUT FRANTSNES
1961 - 1964	HERLOF FARSTAD
1965 - 1966	BRYNJULF HUSTAD
1967 - 1974	HERLOF FARSTAD

BRYN STADION vart altså ikkje bygd på ein dag. Endå om ein melde inn laget i 1949, gjekk det likevel fleire år før ein kunne vigsla fotballbana. Skikkeleg trening kunne ein taka til med i 1952 og ein kunne det året arrangere fleire treningskampar. Den første på heimebane var mot Eide i.l. sitt B-lag og vi tapte heile 2-7. I august 1953 kjøpte ein første draktsettet og melde då laget inn i serie. Ein hadde inntil då nytta gamledraktene til "Stemsgutta". "Stemsgutta" var ei samanslåing av laga på Hustad og Harstad, men unionen gjekk i stå alt i 1951 slik at fleire av spelarane etter kvart kom med i BRYN.

Frå 1954 spela så BRYN i 4.divisjon (lågaste divisjonen) den gongen. I same divisjonen var desse laga med: Bud. Lvnøstad, Frode, Frøna, Rausand, Eidsvåg og Vågstranda. BRYN kom det året omlag midt på tabellen.

Kven spela på laget? Peder Sandblåst var primus motor og laget sin keeper. Av andre spelarar vil ein nemne broren Iver, Oluf Baggen, Knut Frantsnes, Bjarne Gaustadnes, Håkon Sandblåst, Alf Strømsholm, Karsten Hansen, Iver Slatlem, Einar Orø m.fl.



Éit av dei aller første lagbileta av BRYN. Vi kjenner i-
gjen ståande frå venstre:

Olaf Slatlem, Kåre Lindseth, Henry Breivik, Oddmund Moi,
Harald Breivik, Ove Farstad,

Sitjande frå venstre:

Johan Breivik, Håkon Sandblåst, Peder og Iver Sandblåst
og Markus Vasseng.

Den første fotballbanen låg der vi i år har tilsådd ny
grasbane. Banedekket var den gongen fin sand og grus
og var til sine tider så oppsparka at ein trødde langt
oppover fotballstøvlane og sette harde krav til kondi-
sjon. Det var ikkje få gonger bana vart karakterisert
som torvhole og potetåker – og serleg då av spelarar
frå andre klubbar.

Likevel heldt interessa seg på topp og laget arbeidde

godt. Dette fordi ein mellom anna hadde eldsjelar som Peder Sandblåst.

Ein fotballspelar får sjeldan noko trofé for sin innsats. Peder Sandblåst tok opp ideen ved sin pokalturnering i 1957 der mellom anna Charlottenlund frå Trondheim deltok. Dette blei på ein måte forspelet til tradisjonen med BRYNCUPEN.

Vi nemner elles at laget alt i 1954 vitja Rindal på ei sommarturnering. I 1955 var ein i Trondheim og spela mot Charlottenlund og Rapp.

Interessa for idretten og serleg då fotballen såg ut til å vera stor i laget. BRYN vart etter kvart mellom topp-laga i 4.divisjon. Ein nemner til dømes at vi sesongen 1959/60 vart nr. 2, våren 1961 vart vi avdelingsmeistrar. 1961/62 spela vi i 3.divisjon i "langserie", då ein gjekk over til vår/haustsesong. Vi avslutta serien på 6.plass. Frå og med 1963 vart det altså 4.divisjon etter nyordninga med 5 divisjonar.

I 1963 tok ein for alvor til med planane om å byggja ut grasbanen. Første helga i juli 1965 kunne ein arrangera åpningscup, BRYNCUPEN. Vi inviterte MFK.KFK og Nord-Gossen.



Elles nemner vi at i 1964 vedtok styret å dela ut minneplakettar til personar som har gjort ein stor innsats for laget så vel administrativt som idrettsleg. Desse har fått plaketten:

Knut Frantsnes, Bjarne Gaustadnes, Peder Sandblåst, Håkon Sandblåst, Alfred Johnsen og Herlof Farstad og Ove Farstad.

Peder Sandblåst har fått heider for sin interesse og innsats for laget. Ikkje mindre skal ein heidre Herlof Farstad som tok over roret i 1961/62 då laget meir eller mindre heldt på å gå i oppløysing.

Det er ikkje lett i få vendingar å lage ein målestokk eller koma med ei vurdering av den heilhjarta ofring av fritid og innsats som Herlof har lagt for dagen i alle desse åra.

All idrettsungdom i ytre distrikt må vera han stor takk skuldig for at tilhøva er blitt lagt så godt til rette. Herlof skal åleine ha æra for at vi i dag har to grasbanar og løpebane. Han er BRYNCUPENS "far". Han har gjort det meir attraktivt å spela ved å innføre ordninga med medaljar etter oppnådde kampar: Gull for 200, sølv for 150 og bronse for 100. Likeeins har dei som har spela 250 kampar eller meir fått tildelt ein stor statuett av ein fotballspelar.

Herlof har og gjort mykje for gutefotballen i BRYN. Vi har dei siste åra hatt med lag i alle årsklassar og vi har hevda oss svært så godt.

Fotballgruppa i BRYN vart oppretta først for året 1972 på lik linje med friidrettsgruppa. Brynjulf Hustad har vore formann i dei siste åra. I år vart det opprykk til 4.divisjon etter eit år i 5.divisjon. Målet må vera å koma til 3.divisjon der vi for nokre år sidan spela. Vi har elles kjensle av at det vert arbeidd svært så godt i idrettslaget vårt. Det er berre opp til dei aktive å yta endå betre innsats.



FRÅ SISTE KAMPEN MOT BUD 1974. Ståande frå venstre: Herlof Farstad, formann i hovedstyret. Egil Teistklubb, Jostein Bjørsnøs, Kolbjørn Nerland, Terje Skotheimsvik, Jim Farstad, Egil Farstad, Egil Heimen,, Rolf Rødal.

Fremste rekke: Brynjulf Hustad, Sigmund Sandøy, Bjørn Brandshaug, Kåre Vevang og Markus Male.

FRIIDRETT.

Idrettslaget BRYN har hatt friidrettsgruppe frå 1955 i følgje møteprotokollen. Ove Farstad var første formann i gruppa.. Dei første åra fram til slutten av 60-talet var det han og Oddmund Moi som skifta om å vere formann. Det var heller skralt med idrettsleg aktivitet desse åra. Ein hadde enkelte som på eige initiativ reiste rundt på stemne.

I 1952 vart første friidrettsutstyret kjøpt, ei kule til kr. 12,70. Rekneskapen viser at laget ikkje hadde utgifter til friidrett før i 1955. Det vart då for første gong betalt startkontingent og reiseutgifter. Første kontingenten til ROMSDAL FRIIDRETTSKRETS vart betalt i 1957. Dette året vart det også bokført reiseutgifter til friidrett på kr. 100,-

Anne Lande og Sivert Nergård Skotheim var dei første som vart krinsmeistrar for BRYN. Sivert vann i 1957 kule for 14-15 årsklassen, og Anne vann 60 m. og lengde i klassen sin.

Første friidrettsstemne som BRYN arrangerte, vart avvikla i Stemshall vinteren 1958. Det var KM i hopp utan tilløp. Oppsluttinga var stor, og det vart oppnådd mange gode resultat.

Det var først i 60-åra at fleire aktive kom med. Ein kan nemne: Sigmund Julshamn, Oddmund Moi, og Sigmund Løkhaug. Oddmund hadde tidlegare representert Olymp. Somaren 1961 var han med på B-NM og fekk sølv i tre-steg.

På årsmøtet i 1968 vart første årsmledinga for friidrettsgruppa lagt fram. Ho fortel at aktiviteten var liten, men at det vart starta med regelfast trening

to ganger for veka frå april og utover. Leiarar for treninga var Svanhild Forthun, Sivert Skotheim og formannen, Håkon Forthun. Hausten 1968 kvalifiserte Brit Eli Moi seg for Donald Duck-lekene på Kongsberg. Til Frøna-meisterskapen seinare på hausten sendte gruppa ei tropp på 50 utøvarar. Ein del var også med på KM for jenter og gutar denne hausten, og dei fekk med seg heim medaljar.

EIN IDRETT I FRAMGANG.

Frå og med 1969 vart det drive fast trening både ute og inne, og resultatata kom. Laget fekk ei stor tropp aktive som gjorde det godt innandørs, i terrengløp og på bane. Ivrige leiarar greidde også å avvikle stemne på stadion, sjølv om det ikkje var friidrettsbane. Det vart også arrangert innendørskonkurransar på Hustad for første gong.

Dei unge var svært ivrige, og det var ikkje få KM-medaljar dei tok før sesongen var omme.

I 1970 var det Ove Farstad som vart sjef for gruppa att, og han greidde å halde ved lag iveren som var skapt for friidrett. Det var i alt 30 gutar og jenter som møtte fast til trening 2 gonger for veka. I KM innan-dørs vart det 6 gull. Brit Eli tek alt no til å skilja seg ut. I april arrangerte friidrettsgruppa krinsterrengløp på Skotten. Det vart rekorddeltaking med i alt 147 løparar frå heile Romsdal. Seinare på våren stilte BRYN lag i stafetten på Vågstranda, og jentene vann klassen sin føre Aksla. Sjølv avvikla gruppa to banestemne på Stadion. 60 og 100 meteren gjekk på grasmatta.

Dette året var det Kristin Farstad og Evy Gundersen som kvalifiserte seg for Donald Duck-lekene. Sluttstatusen for sesongen vart 10 gull, 14 sølv og 9 bronsjemedaljar i KM.

EIGEN FRIIDRETTSBANE.

Årsmeldinga for 1971 fortel at dette var beste sesongen for friidrettsgruppa. Det vart i alt tatt 15 gull, 18 sølv og 13 bronsemedaljar. Dei store prestasjonane stod Brit Eli for. Ho vann landsdelsfinalen og landsfinalen i trekamp og vart nr. 2 i Vesta-Hygea-lekene. Denne hausten var fire med til Kongsberg frå Bryn: Kristin Farstad, Sissel Aure, Evy Gundersen og Arild Hansgård.

Det verkeleg store denne sesongen var at laget fekk sin eigen friidrettsbane. Han vart teken i bruk seint på sommaren, og det nye marmordekket lova godt. Sigmund Julshamn kom heim denne somaren og kom til å få mykje å seie for friidrettsgruppa både administrativt og idrettsleg.

Framgangen frå 1971 held også fram i 1972. Dette året avvikla gruppa 17 stemne. Sjølv hadde BRYN deltakarar på stemne rundt i krinsen og på NM for juniorar, NM skogsløp, Donald Duck-lekene - Jan Kåre Farstad, Henry Hatlebakk, Sissel Aure og Arild Hansgård -, Tyrving-lekene og på krinslaget mot Nord-Østerdal. På Vågstranda 1.mai stilte BRYN 4 lag. Jentene vann igjen klassen sin, og gutane vart nr. 3.

Denne sesongen vart det i alt 33 gullmedaljar på deltakarane frå BRYN. Brit Eli Moi sette krinsrekord på 100 m. med 12,5 og i høgde utan tilløp med 1.26. Astrid sette krinsrekord på 100 m. hekk med 17,1. Jentene sette også rekord på 4 x 400 m. stafett. Ein må også nemne at seniorane til laget tok til å gjere seg sterkt gjeldane innan krinsen.



I.L.BRYN får sin første norske meister.

Sesongen 1973 vart toppen for friidretten, både idrettsleg og administrativt. Friidrettsgruppa var dristige og tok på seg å arrangere NM i hopp utan tilløp. Og etter det avisene skreiv, vart det eit vellykka arrangement. Meisterskapen vart avvikla på Hustad sentralskole den 11.mars. Heile BRYN, styremedlemar og foreldre gjorde sitt til at det heile vart så vellykka. Seinare på året gjekk dei første Nordvestlikane, eit nasjonalt stemne som ser ut til å få ein tradisjon. Vidare var gruppa arrangørar for interkrinskampen mellom Romsdal og Nord-Østerdal.

I tillegg hadde ein svenskar på besøk. Dei ville gjerne prøve kvitgrusen. Gruppa har også vorte faste arrangørar av landevegsløp.

Det idrettslege høgdepunktet stod Brit Eli Moi for med sitt norske meisterskap på 100 m. for junior. I tillegg vart ho nr. 2 i senior NM, nr. 1 i Cola-starten og var med i 2 landskampar, 2 Europacuper og 1 juniorlandskamp. Vidare sette ho fleire fylkes- og krinsrekordar. Astrid Male og Kristin Farstad sette også rekordar på 100 m. hekk, 17,0 og 800 m. 2,27,8.

Aktiviteten mellom dei unge var denne sesongen større enn nokon gong.

Sluttstatusen for 1973 vart 34 gullmedaljar i KM. Seniorane var også med på å hauste medaljar.

Sesongen 1974, jubileumssesongen, vart merkt av stor breidde. Laget hevda seg i toppen både når det gjeld jenter, gutar og senior. Heilt frå dei første innendørsstemna og til siste banestemnet var oppsluttinga stor. Resultatet av dette vart at BRYN vann suverent friidretts-cupen for Romsdal.

Når det gjeld dei aktive, må vi nemne Hanne Reitan som sette krinsrekord i høgde utan tilløp fleire gonger og stoppa på 1.36 til slutt. Også denne sesongen har laget hatt deltakarar med i Donald Duck-lekene, Tyrvinglekene og i landsfinalen i Coca Cola starten. BRYN var representert med 3 deltakarar på B-NM i friidrett. Av eigne arrangement må ein nemne den nystarta BRYN-stafetten, ein konkurranse som ser ut til å verte populær. Våre eigne jenter vann klassen sin. Nordvestleikane var friidretten sitt jubileumsstemne. Tevlingane vart dessverre ein del øydelagt av dårleg ver. Enno verre var det under interkrinskampen mellom Romsdal - Nordmøre - Sunnmøre. Det var litt av en prestasjon å få stemnet avvikla. Trass i mykje dårleg ver på stemna våre, ser det ut til at dei aktive likar seg godt på BRYN stadion. Ein stor del av æra for dette skal vårt trufaste banemannskap og våre flinke funksjonærar ha. Denne sesongen vart det investert i tilløpsmatter i lengde og høgde, ei investering som dei aktive set stor pris på. Friidretts-stadion tek no til å verta godt utstyrt, men framleis saknar ein eitt og anna. Det er garderobetilhøva det er vanskelegast med, særleg når det er mange med. Framtida for friidretten innan laget ser i dag lys ut. Ein har ivrige leiarar og

ein stor flokk flinke gutar og jenter. Dessverre har ein del av dei beste 14-17 åringane slutta. Laget har også mange gode seniorar. Ein kan nemne Leif Petter Gjerde, Per Sigmund Henøen, Leif Farstad. Framtida for eit idrettslag er avhengig av mange unge aktive, men også gode seniorar som dei unge kan sjå opp til. I tillegg må det vera eldsjeler som driv det heile, uten det kjem ein ikkje langt.



IDRETTSMERKET.

Det er først i dei siste åra at det har kome fart i idrettsmerketakinga. Kvinnene har vore dei mest aktive med opp til 10 - 11 merketakarar. Når det gjeld mennene, er det 2-3 stykkje for året som tek merket. Marie Reitan har vore den som har vist veg på dette feltet. Ho var først ute når det gjeld idrettsmerkestatuetten i BRYN, og i år har ho også fått kruset, som er den høgste utmerkinga innan idrettsmerket. I dei næraste åra er det fleire som står for tur til å få statuetten.

SKIIDRETT.

Sidan skigruppa vart oppretta, har ikkje aktiviteten vore stor. Gruppa har ikkje arrangert konkurransar sjølv, men har hatt enkelte aktive som har hevda seg godt innan ski-krinsen. BRYN har også hatt med utøvarar i større konkurransar utanfor krinsen, t.d. Birkebeinerrennet.

VI ØNSKJER TIL LYKKE MED 25 - ÅRS JUBILEET.

Farstad og Hustad Auto.
Romsdals Fellesbank A/S, Elnesvågen.
Farstad Samvirke­lag, Farstad.
Edv. Sivertsen A/S, Sild - og fiskeforretning, Vevang.
Brødr. Reitan Bil - og mek.verksted, Farstad.
Nils Herskedal fiskeforretning, Vevang.
Fridtjof Sandblåst kjøttvareforretning, Farstad.
Hagset & Co.A/S landhandel, Skotten.
Bud, Hustad og Fræna Sparebank, Bud, Elnesvågen, Hustad.
Vevang Handelslag, Vevang.
R.K.Farstad, kjøpmann, Farstad.
BP Centeret, Karl Karlsen & Co., Farstad.
Terne Konfeksjon, Farstad.
Karl Hansen fiskeforretning, Vevang.
Sigvart Gammelsæter, handelsmann, Vevang.
Ingvald Smørholm & Sønner, formelfabr.og fiskeforretning,
Vevang.
Solvik Handel, Vevang.
Heimen & Co., Hustad.
M.O.Sørgård A/S, Hustad.
Sportique A/S, Molde.
Molde Sportsforretning, Molde.
Elnesvågen Bensin & Service.
Elvsaas & Co., Molde.
Jan Bøøy & Co., Malmefjorden.
Nordmøre og Romsdal Slakteri A/L.
Nye Mittet Is A/S, Molde.

Ein ber medlemane våre støtte annonsørane.

VI ØNSKJER TIL LYKKE MED 25 - ÅRS JUBILEET.

Farstad og Hustad Auto.
Romsdals Fellesbank A/S, Elnesvågen.
Farstad Samvirkelag, Farstad.
Edv. Sivertsen A/S, Sild - og fiskeforretning, Vevang.
Brødr. Reitan Bil - og mek.verksted, Farstad.
Nils Herskedal fiskeforretning, Vevang.
Fridtjof Sandblåst kjøttvareforretning, Farstad.
Hagset & Co.A/S landhandel, Skotten.
Bud, Hustad og Fræna Sparebank, Bud, Elnesvågen, Hustad.
Vevang Handelslag, Vevang.
R.K.Farstad, kjøpmann, Farstad.
BP Centeret, Karl Karlsen & Co., Farstad.
Terne Konfeksjon, Farstad.
Karl Hansen fiskeforretning, Vevang.
Sigvart Gammelsæter, handelsmann, Vevang.
Ingvald Smørholm & Sønner, formelfabr.og fiskeforretning,
Vevang.
Solvik Handel, Vevang.
Heimen & Co., Hustad.
M.O.Sørgård A/S, Hustad.
Sportique A/S, Molde.
Molde Sportsforretning, Molde.
Elnesvågen Bensin & Service.
Elvsaas & Co., Molde.
Jan Bøøy & Co., Malmefjorden.
Nordmøre og Romsdal Slakteri A/L.
Nye Mittet Is A/S, Molde.

Ein ber medlemane våre støtte annonsørane.